

Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne. Omtale av søknader 2023.

Nr	Kulturminne	Søklar	Samla kostnad	Søknads-sum	Forslag tildeling 2023	Forslag tilsagn 2024	Tiltak	Grunngjeving
Anlegg i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne – jf. tilskotstabellar								
1	Salhus trikotasjemuseum	Stiftinga Museums-senteret i Hordaland - Tekstilindustrim useet	1 323 831	923 831	525 000	398 831	<p>1) Asbestsanering i 1. etasje i fabrikkbygning 1900</p> <p>2) Oppmuring av utrasa gangveg mellom fabrikk og arbeidarbustadane</p>	<p>Det vart i 2021 funne asbest i sterke konsentrasjonar, av farleg type og i stor utstrekning i anlegget. Verken publikum eller tilsette kunne opphalde seg i vesentlege delar av Salhus Tricotasjefabrikk. Del 1 til 3 av asbestsaneringa er utført i 2021 og 2022 med midlar m.a. frå denne tilskotsordninga. Årets søknad gjeld del 4: sanering av 2. etasje i Fabrikbygg 1900. Omsynet til bruken av anlegget og tryggleiken for tilsette og besøkande gjer at det framleis må vere eit høgt prioritert tiltak å føre vidare asbestsaneringa. Denne er òg ein føresetnad for å kome vidare med naudsynte forsterkingar av konstruksjonen i denne delen av anlegget. Tildelinga for 2023 er i tråd med søknaden og er til vidareføring av saneringsarbeidet.</p> <p>Natursteinsmuren under ein gangveg på museumsområdet rasa ut i 2020. Istandsettinga av muren fekk tilskot både i 2021 og 2022, men begge åra måtte midlane omfordelast – i 2021 til asbestsaneringa, og i 2022 for å dekke ekstraordinære straumutgifter. Avdelingsdirektøren opprettheld vurderinga frå dei føregåande åra av dette tiltaket som tilskotsverdig, men ser det ikkje som det mest akutte å få utført. Midlane vert difor løyva som førehandstilsegn for 2024.</p>
		Stiftinga Museums-senteret i Hordaland - Tekstilindustrim useet	2 396 335	2 396 335	1 996 000	0	Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald	<p>Salhus Tricotagefabrik er særmerka ved å ha operativ produksjonsline. Dette gjer at kunnskap av drift av maskinparken og produksjonsmetodane må prioriterast. Det er viktig å halde denne i stand, syte for deler, reparasjonar og justere maskinene. Det er også viktig å sikre kompetansen som skal til for å drive maskinparken på lang sikt. Forvaltning, drift og vedlikehald utgjer ein stor del av det årvisse tilskotet.</p> <p>Tre 100 %-stillingar vert prioritert, og for desse er tildelinga på same prosentvise nivå som i fjor. Det er vesentleg å sikre kunnskapsoverføring om drift av anlegget, og ekstra innleige til maskinparken vert difor prioritert fullt ut.</p> <p>Fordeling er vist i tilskotstabell 2023.</p>
		Stiftinga Museums-senteret i Hordaland - Tekstilindustrim useet	2 331 000	2 331 000	1 628 000	0	Forvaltning, drift og vedlikehald – utgifter til jamlege vedlikehaldstiltak og mindre reparasjonar i anlegget.	<p>Jamleg vedlikehald er avgjerande for å oppretthalde bygningar og produksjonsline. Vedlikehaldet er både innvendig og utomhus, også knytt til elveløpet under fabrikk. Kostnadene er til innkjøp materiell, verktøy, men også årsavgifter, vedlikehaldsavtaler m.m. Det er også store kostnader knytt til straumforbruk for å gje ein jamn temperatur som sikrar rette bevaringsvilkår for bygg og produksjonslinje. Høge straumprisar gjer dette til ein særleg stor utgift i år. Elles er m.a. verktøy,</p>

								material og vedlikehald av maskinparken prioritert, som dei mest vesentlege tiltaka for FDV av dei tekniske anlegga. Fordeling er vist i tilskotstabell 2023.
2	Tyssedal kraftstasjon	Kraftmuseet	2 850 000	900 000	900 000	0	Istandsetjing av traverskraner	Ein må sette i stand traverskranane slik at dei kan nyttast til drift og vedlikehald av kraftstasjonen. Utan kranane vil rigg- og driftskostnader verte høge. Kranane vert nytta til frakt av utstyr og som arbeidsplattformer i tak og over kranbanen. NVE stør opp med midlar kr 1 500 000.
		Kraftmuseet	860 000	860 000	700 000	0	Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald	Anlegget ligg i sjøkanten og er bygd for å sleppe varmen ut. Etter at produksjonen av straum og dermed varmeutviklinga frå maskinparken stansa, er forfallet på maskineri og bygning kontinuerleg og må haldast i sjakk. Midlar til løn som går på vedlikehald og reparasjonar i anlegget og produksjonslinja. Det er fleire personar som gjer ulike FDV-oppgåver, og midlane som er omsøkt tilsvarer oppgåvene til 4 ulike personar som til saman utgjer ein stillingsprosent på 100%.
		Kraftmuseet	1 313 200	1.313.200	950 000	0	Forvaltning, drift og vedlikehald – utgifter til jamlege vedlikehaldstiltak og mindre reparasjonar i anlegget.	Kraftstasjonen er oppvarma med fjernvarme, i form av luft som vert varma opp av kjølevatn frå produksjonsprosessen ved Tizir Titanium & Iron AS (Tizir). Tizir har revisjonsstans frå medio februar til primo mai 2023. Gjeldande energikostnader og framtidige prisprognosar tilseier at Kraftmuseet ikkje kan halde dei anbefalte 15 gradane innvendig, noko som vil føre til forfall på bygning og maskineri med påfølgjande istandsettings- og vedlikehaldsbehov i 2023-24. Utgifter til straumforbruk (straum teknisk drift og forbruk fjernvarme) for å halde stabil temperatur i bygningen er ein stor post som utgjer kr 1.200.000 av kostnadane. I tillegg kjem midlar til bygningsmaterieill, verktoy, HMS-tiltak, målar- og murararbeid. Eit godt og jamt vedlikehald avheng av stabil temperatur, og prioriterast. Fordeling er vist i tilskotstabell 2023.
3	Odda smelteverk	Importkaien	2 084 380	2 084 380	0	351 169	Istandsetting av tak	Importkaien er ein kai med påståande bygning som står dels utan veggar og heilt utan tak, alt på pælefundament i sjø. Behovet for restaurering og sikring er stort. Det pågår utbygging av leilighetskompleks på den ikkje-freda delen av anlegget. Bygningen står utan tak, det regner ned i kalksteinsiloane og påfører bygningen strukturell skade. Istandsettingsarbeid av tak og fasadar er under prosjektering, for å forbetre situasjonen. Tiltaket vert prioritert, men med store restmidlar tilgjengeleg vert tildelinga innretta for å sikre framhald av prosjektet i 2024, i form av tilsagn 351 169.

		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	5 250 000	5 250 000	900 000	0	Omn 3 og Råcyanamidsilo 113 – fjerning av karbid	Tiltaket må utførast, og både konsekvensbilete og hastemoment er stort. Størsteparten av dei potensielt farlege massane er i råcyanamidsilo 113, som er avstengt. Det er innsett overvakingstiltak og automatisk varsling i silo 113, og det kan ikkje gjerast varme arbeid i verken 113 eller i cyanamidfabrikken. Dialogen mellom partane er på eit godt spor, og det vert prioritert å bidra til dette i 2023.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	5 800 000	5 800 000	0	0	Taubanen - totalrehabilitering og mulighetsstudie	Det er etterkvart behov for sikring og restaurering av taubanen som går frå skaltaket i sør til importkaien i nord i Odda sentrum, og krysser Rv 13. Andre omsøkte tiltak har større hast, og omsøkt sum er stor. Tiltaket er støtteverdig, men vert ikkje prioritert i 2023.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	2 125 000	2 125 000	0	250 000	Cyanamidfabrikken – mulighetstudie, restaurering bakvegg mot cyan trafo, betongrehabilitering, sikring sløys, kontroll traverskraner, puss- og murararbeid fleire stader.	Tiltaka er klart støtteverdige, men kan ikkje finansierast på ein gong. Istandsetting av bakvegg ved cyan trafo som vart løyva midlar til i 2022 er undervegs. For å følgje dette opp vert det i prioritert å løyve midlar 250 000 til tilbakeføring av bakvegg mellom garasje og kjølehall. Tiltaket er innomhus, og er ikkje kritisk. Løyvinga vert tildelt som tilsagn 2024.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	1 000 000	1 000 000	0	0	Istandsetting av kontrollrom 2.etasje	Kontrollrommet er ikkje råd å opphalde seg i, og er viktig å setje i stand. Tiltaket er støtteverdig, men rommet er sikra og avstengt, og det pågår ikkje ytterlegare forfall. Tiltaket er støtteverdig men vert ikkje prioritert i 2023.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	4 000 000	4 000 000	0	2 000 000	Skaltaket – lekkasje, mur nord, metallurg, rehabilitering av betongdekke	Skalltaket er prega av tung maskinell drift, og står ope for vær og vind. Det er behov for å ta att betongdekke- og konstruksjonar etter lang tid utan istandsetting, store område har store skader i betongen. Av omsøkt 2 800 000 vert det tildelt 2 000 000 i form av tilsagn. Skadeomfanget er stort, men her er ikkje rask skadeutvikling, tiltaket kan vente til pågåande arbeid med tak knuseverk mm. er utført. Resterande omsøkte tiltak er støtteverdige men her er resterande midler, og andre tiltak i Skalltaket vert ikkje prioriterte i 2023.

		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	75 000	75 000	0	0	Drivstofftankar – kartlegging av innhald og tilstandsrapport	Drivstofftankane er ikkje inkludert i fredinga av Odda smelteverk, og er ikkje inkludert i omfanget i bevaringsprogrammet. Heller ikkje vurdert i lys av tilskotsordninga generelt vert tiltaket prioritert i 2023.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	1 539 840	1 539 840	1 150 000	0	Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald	Midler til løn vaktmesterstilling for vedlikehald og reparasjoner i anlegget og produksjonslinja. Samordna stilling mellom Kraftmuseet og SNU for beste ressursbruk, med andeler synleggjort i tabell. Det vert i 2023 avsett 700 000,- til løn vaktmester, 200 000,- til løn vaktmester 2, og 250 000,- er avsett til behovet Kraftmuseet har for løn vaktmestertjenester ved Smia 026 og Lindehuset Fordeling vist i tilskotstabell 2023.
		Smelteverkstom ta næringsutvikling AS, KML AS	835 000	835 000	570 000	0	Forvaltning, drift og vedlikehald – utgifter til jamnlege vedlikehaldstiltak og mindre reparasjonar i anlegget.	Av vedlikehaldstiltaka som vert omsøkt i 2023 vert reparasjon av sørvegg cyanamidfabrikk prioritert. Det pågår istandsetting av bygg 103 og 104, som cyanamidfabrikken deler vegg med. Utbetring av veggen må skje i eit samspel. Ei løyving 400 000 mogeleggjør dette, og lukkar ei rekke hol og utbetrar fleire skader i vegglivet til cyanamidfabrikken. I tillegg til dette vert det løyva 170 000 til div. mindre vedlikehaldspostar. Fordeling vist i tilskotstabell 2023.
		Kraftmuseet	339 444	339 444	270 000	0	Forvaltning, drift og vedlikehald for bygg 026 Smia og Lindehuset	Jamnleg vedlikehald er viktig for å sikre nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar. Midlane går til fasadevask, brannverntiltak, m.m. og må utførast årleg. Ikkje alle omsøkte tiltak vert prioriterte. Fordeling vist i tilskotstabell 2023.
Øvrige tekniske og industrielle anlegg i Vestland								
4	Ne fø' sjøen Indre Ofredal	Indre Ofredal vener	900 000	800 000	150 000	0	Fullføring av påbyrja prosjekt som går på istandsetting av vassrenner, vassinntak og vasshjul. Riving av øydela renner, gjenoppbygging av bolverk og fundament, nye renner og demning.	Det store anlegget med m.a. sag, mølle og utskipingskaier i Indre Ofredal har vore prioritert i ei årrekke, og vil ha behov for istandsetting også i åra som kjem. Anlegget vart synfart i 2021, og har stabil og god framdrift i restaureringsarbeida med stor grad av dugnadsinnsats. Tiltaket er godt grunnleggje, prosjektert og planlagt. Uttak av tømmer, barking og klargjering til produksjon av bordplank samt tømmer til bolverk til vassrenner og vassinntak blei utført på dugnad førre vinter. Tilskotet skal gå til framhald av restaurering av vassrenner, vassinntak og vasshjul.

5	Bergen elektriske sporvei	Stiftelsen Bergens Elektriske Sporvei	3 721 775	3 371 775	200 000	0	<p>1) Montering av køyretråd, mastar og veggfeste på siste del av linja mot Veiten</p> <p>2) Reparasjon av skinnebrot i Olaf Ryes vei</p> <p>3) Istandsetting av vogn nr. 47</p>	<p>Reetableringa av trikkelinja frå Trikkehallen til Engen er resultatet av langvarig, frivillig innsats for å ta vare på å formidle ein viktig side ved samferdslehistoria. Saman med den freda Trikkehallen og bevart materiell er trikkelinja del av ein kulturhistorisk verdifull heilskap. Montering av køyretråd mm er det som står att for at siste delen av trikkelinja kan takast i bruk. Kostnaden for dette er oppgitt til kr 720 000, og det vert søkt om heile summen. Det er ikkje rom for å innfri heile denne summen. Samstundes er fylkeskommunen kjent med at tiltaket også har fått støtte frå andre partar. Eit tilskot på kr 200 000 vil då vere eit bidrag som monnar til dette tiltaket.</p> <p>Reparasjon av skinnebrot (kostnad 201 775, søker om heile summen). Skinnebrotet gir risiko for avsporing og må utbetrast, men det er ikkje rom for å prioritere tilskot til dette.</p> <p>Istandsetting av vogn nr. 47 (kostnad 2,8 mill., søker om 2,45 mill.) vil vere eit godt bidrag for formidling og oppleving av trikkelinja, men er i seg sjølv ikkje avgjerande for trikkelinja som teknisk kulturminne. Det er eit relativt omfattande prosjekt, og sjølv om det let seg dele opp i etappar vert det heller ikkje rom for å prioritere dette i år.</p>
6	Bergen kringkaster	Askøy kommune	4 612 900	1 612 900	300 000	0	<p>Istandsetting av sendarbygningen: rehabilitering fasadar (utbetring av skader på betong, puss, stålprofil, vassbord, vindauge, dører, renner, beslag); rehabilitering innvendige vegger og overflater, tilbakeføring til opphavleg fargesetting; utbetring av el-anlegg og sanitærutstyr</p>	<p>Bergen kringkaster er freda som eit representativt og heilskapleg døme på eit radiosendaranlegg frå 1930-åra. Anlegget er kommunalt eigd, samstundes som det vert lagt ned ein stor frivillig innsats i drift og formidling av radiosendaren.</p> <p>Søknaden byggjer på ei god tilstandskartlegging av bygningen, med tilrådde tiltak. Kartlegginga viser til dels store skader på veggene, m.a. fukt- og setningsskader. Tiltaka er både naudsynte og godt planlagde og vil bidra både til å ta vare på bygningen og styrke dei kulturhistoriske kvalitetane. Søknaden har høg eigendel. Det er ikkje rom for å tildele heile søknadssummen, og tiltak på hovudkonstruksjonen og ytre overflater vert prioritert.</p>
7	Gamle Vossebanen	Museet Gamle Vossebanen	3 870 000	1 765 000	0	0	<p>Istandsetting jernbanevogner – postvogn CDFo (1921), salongvogn Ao100 (1926), lukket historisk godsvogn Gbs, pukkivogn (1946).</p> <p>Midlar til verktøy, arbeidsklede, innkjøp av materiale, og andre</p>	<p>Gamle Vossebanen (GVB) er eit kulturminne med komplett produksjonslinje: infrastruktur, stasjonar, lokomotiv og vogner, samt framføringskompetanse i organisasjonen. Strekket Tunestveit-Garnes-Arna- Haukeland- Midttun er freda, samt Garnes stasjon. Fredinga omfattar ikkje vognene det vert søkt om midlar til. Vognene i vognhallen på Garnes har like fullt høg kulturminneverdi. Vedlikehaldsarbeidet i dag vert hovudsakleg utført av frivillige, samt 5 fast tilsette.</p> <p>Vognene har relativt gode bevaringstilhøve.</p>

							<p>kostnader knytt til istandsettingstiltaket.</p>	<p>Det blir søkt om midlar til fleire pågåande parallelle prosjekt som omfattar restaurering og vedlikehald av fleire omkring hundre år gamle jernbanevogner.</p> <p>GVB får årleg midlar over statsbudsjettet, samt finansiering frå Bergen. Det er opna for tilskot til rullande materiell i tilskotsordninga, så lenge tildelingane ikkje utgjer store deler. Det er tidlegare tildelt midlar til søkjar.</p> <p>Søkjar fekk tildeling i 2022. I år vert det innafor det avgrensa handlingsrommet for tildeling til rullande materiell prioritert annleis.</p> <p>Søknaden vert ikkje prioritert i 2023.</p>
		Museet Gamle Vossebanen	1 597 992	798 996	0	0	<p>Lønsmidlar til forvaltning, drift og vedlikehald.</p>	<p>Dei frivillige har høg alder, og det er behov for avløyning og overlevering av kunnskapen om drift av vognparken. Dette er samstundes ei felles utfordring for heile feltet. I tilskotsordninga er det vanleg å tildele lønsmidlar til dei 3 anlegga i bevaringsprogrammet. Dette legg beslag på store deler av dei tilgjengelege midlane årleg. Ut over dette har lønsmidlar kun unntaksvis vorte tildelt for å stogge pågåande forfall, og då beskjedne summar. Det bør finnast ei anna og langsiktig løysing for Gamle Vossebanen enn tildeling frå denne tilskotsposten.</p> <p>Søknaden vert ikkje prioritert i 2023.</p>
			1 540 000	940 000	0	0	<p>Forvaltning, drift og vedlikehald – utgifter til jamlege vedlikehaldstiltak og mindre reparasjonar i anlegget.</p>	<p>Det vert søkt om stønad til straumkostnader, installering av varmpumper og fuktkontroll i golvet – totalt kr 800.000. Vidare søkjast det om ei investering på kr 500.000 til portalkran for tyngre løft i verkstaden. Resterande gjeld arbeidstøy og verneutstyr, verktøy samt HMS-tiltak.</p> <p>Det er generelt eit stort press på tilgjengelege midlar til forvaltning, drift og vedlikehald i ordninga, og dei 3 anlegga i bevaringsprogrammet har store behov årleg som i prinsippet beslaglegg alle tilgjengelege midlar til dette. Berre i særlege tilfelle, og i mindre målestokk, vil det prioriterast annleis.</p> <p>Søknaden vert ikkje prioriterast i 2023.</p>

8	Sellevåg treskofabrikk	Arild Sellevåg Litlekalsøy/ Magne Sellevåg	15 200	13 200	13 200	0	Skjøtsel og rydding av vegetasjon mm langs fabrikk, rørgate og ved demning.	<p>Sellevåg treskofabrikk er freda med operativ produksjonslinje og rørgate, demning og turbin. Kunnskap om drift av produksjonslinja er sikra.</p> <p>Det vert avsett 13 200,- i 2023 til skjøtselstiltak og rydding av vegetasjon ved fabrikk, langs rørgate og demning for å unngå endringar i terrenget grunna vassføring, rotvelt og liknande.</p>
9	Gjert Eidsvik skipsbyggeri Snilstveitøy	Marie Eidsvik	400 000	400 000	50 000	0	Byte tak, nye renner, grunnarbeid og støyp og avretting, rehabilitere opphalet, rehabilitere sagebrua, skifte og male kledning, m.m.	<p>Skipsbygging har vore ei stor næring i dette området i Vestland, og Rosendal er kjent for sagbruksverksemd og skipsbygging. Deler av det utstilte verktøyet i Skållurensamlinga i Rosendal kjem frå Gjert Eidsvik skipsbyggeri, og herfrå kom det spant til galeasen »Gurine» i 2011. Anlegget særmerkar seg ved at det har drift frå motor, og ikkje er knytt til vassdrag. Anlegget har store deler av heilskapen bevart, og er representant for ei næring som ikkje har stor representasjon på fredingslistene, men som har vore sentral i kulturhistoria til Vestland.</p> <p>Her er mange tiltak som må utførast, men situasjonen er ikkje prekær, og det er i fjor løyva til tak og nedløp. Det vart sett av 50 000,- til vidareføring av dette i 2023.</p>
10	Espevær hummerfabrikk	Stiftelsen Hummerparken Espevær	1 070 000	960 000	0	300 000	<p>1) Oppgradering av sprukket mur i innløp mot sør.</p> <p>2) Vask og maling av utvendig takfasade.</p> <p>3) Bytte bordkledning på søre vegg i "katedralen".</p>	<p>Hummerparken er freda som eit næringshistorisk interessant og godt bevart kulturminne frå hummereksporten. Søknaden gjeld tre ulike tiltak på bygningen. I betongmuren mot sør har armeringa byrja å ruste og muren sprekk. Det er viktig for ivaretakinga av bygningen at denne muren vert utbetra før skadane utviklar seg eller får konsekvensar for resten av konstruksjonen, og dette tiltaket vert difor prioritert. Plasseringa av muren, heilt ned i fjøra, gjer arbeidet meir krevjande. For dette tiltaket vert det søkt om kr 390 000 av ein kostnad på kr 430 000. Dette tiltaket vert prioritert som det viktigaste for ivaretakinga av anlegget og vert difor prioritert ved tildelinga av tilskot.</p> <p>Her er ei viss skadeutvikling, ikkje rask. Ut frå tilgjengeleg midlar, og hastemoment hjå andre søkjarar, tildelast 300 000 som tilsagn 2024.</p> <p>Vask og måling av taka kan reknast som vedlikehald og vert difor ikkje prioritert. Byte av bordkledning vert vurdert som mindre akutt og vert difor heller ikkje prioritert.</p>

11	Kossdalsvegen	Osterøy kommune	397 716	397 716	0	0	<p>1) Restaurering og sikring av Kossdalsvegen</p> <p>2) Opplæring i vedlikehald for frivillige</p>	<p>Kossdalsvegen blei bygd i perioden 1889-1893 på pliktarbeid av grunneigarar i området, og var hovudsambandet mellom Hosanger og bygdene lenger inne på Osterøy. Inst i Kossdalen er vegen lagt i 17 hårnålssvingar opp ei bratt li, med ei stigning på 27 prosent i gjennomsnitt og ei lengde på om lag 360 meter. Det er desse såkalla Kossdalssvingane som ein no ynskjer å sette i stand.</p> <p>Osterøy kommune søker om kr 376716 i midlar til restaurering og sikring av Kossdalssvingane. Arbeidet som skal utførast er følgjande: mura oppatt utrast parti, sikringsarbeid ved rasstaden, grøftereinsking, grusing, gjenreising av stabbesteinar, tilstandsvurdering av murverk og rydding av vegetasjon i berget. Det blir også søkt om kr 21.000 til opplæring i vedlikehald for frivillige, inkludert grus som skal nyttast i vedlikehaldet.</p> <p>Mjøsdalen idrettslag har hatt ansvar for skjøtsel av vegen sidan 2003, då det blei gitt eit tilskot frå Statens vegvesen til dette. No er det behov for meir omfattande restaurerings- og sikringsarbeid. Kossdalsvegen, og Kossdalssvingane spesielt, er eit sjeldsynt og verdfullt kulturminne. Det vert søkt om å få restaurert og sikra skada parti.</p> <p>Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar prioriterast innafor den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling. Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.</p>
12	Veteranbussane i Hordaland	Hordaland Veteranbuss Stiftelse / Egil Nesse	750 000	750 000	0	0	<p>Restaurering, sikring, istandsetting og vedlikehald av veteranbussparken</p>	<p>Rullande materiell er mellom tiltaka det kan gjevast midlar til frå ordninga, og som er gjeve midlar til tidlegare, men skal etter retningslinene ikkje prioriterast.</p> <p>Veterankøyretøy er ei gruppe kulturminne som manglar formelle vernemekanismar, og frivilligheita sin innsats er avgjerande for ivaretaking av slike kulturminne. Offentleg busstransport er viktige kulturminne som fortel om den fyrste tida i overgangen frå sjø til land i samferdslehistoria i Vestland.</p> <p>Søklar fekk tildeling i 2021. I år vert det avgrensa handlingsrommet for tildeling til rullande materiell prioritert annleis. Søknaden vert ikkje prioritert i 2023.</p>

13	Oppheim bru	Voss herad	1 782 000	1 782 000	0	0	Rehabilitering av steinkvelvingsbru	<p>Steinkvelvingsbrua er frå 1700-talet, og byrjar få setningar i kvelvbogen. For tida går det ikkje trafikk på den asfalterte brua. Brua er prioritert i kommunedelplan for kulturminne i Voss Herad.</p> <p>Søknaden er godt prosjektert, og arbeidet er godt innretta. Heradet har ikkje ført opp eigenkapital i søknaden.</p> <p>Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar må prioriterast innafør den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling. Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.</p>
14	Gamle Innvik ullvarefabrikk	Stiftelsen Gamle Innvik Ullvarefabrikk	2 063 535	500 000	100 000	0	Naudsynt sikring av vegg og delar av tak i "1914-fløyen" på hovudbygget.	<p>I 1890 blei Indvikens Uldvarefabrikk grunnlagt, og i dag står den store, okermåla trebygninga att som eit vitnemål om eitt av dei store industrieventyra i Sogn og Fjordane. Stiftelsen Gamle Innvik Ullvarefabrikk blei etablert i 1993, med mål om å hindre riving av det store hovudbygget. Stiftinga er privat eigd av bygdefolket, og arbeidet er basert på frivillig arbeidsinnsats.</p> <p>Det er konstatert relativt omfattande, skeive strukturar i den eine veggen og delar av taket i "1914-fløyen". Tilstandsrapporten ved Nedre Jølster Bilelag as synleggjer at det hastar å få gjennomført tiltaket.</p> <p>Gamle Innvik Ullvarefabrikk er eit verdfullt regionalt kulturminne med høg aktivitet og medverknad. Anlegget er i bruk av lokalsamfunnet.</p> <p>Tiltaket er støtteverdig. Med dei avgrensa midlane som er tilgjengeleg løyvast det 100 000 i 2023.</p>
15	Lisetbua	Musea i Sogn og Fjordane	1 215 441	400 000	200 000	0	Sikring og fundamentering av Lisetbua, medrekna rigg og drift	<p>Kalvåg er representant for ein kategori sjølvvrodde teknisk-industrielle kulturmiljø, knytt til skiftande fiskerinæringar som var utbreidde og utgjer viktige deler av kulturhistoria til Vestland, men som ikkje er systematisk kartlagt eller prioritert.</p> <p>Lisetbua er sentralt plassert i Kalvåg. Bygningen har tilbygg og pipe, og typisk for denne type industrimiljø romma den fleire funksjonar; gambøting, lagring, salting, tønne-making, trankoking, m.m. Bygning og inventar er godt bevart.</p>

									<p>Tiltaket er godt planlagt og har kommunal medverknad.</p> <p>Situasjonen for Lisetbua er kritisk, søknaden vert prioritert i år. Det vert tildelt 200 000 til sikring og fundamentering.</p>
16	Arbeidarbustadane i Folgefonngata	Kraftmuseet	1 000 018	1 000 018	0	0	<p>Istandsettingsarbeid og vøling på eksteriøret til bygningane. Reparasjon vindaug kitt og råte, maling, utskifting av kledning og istandsetting av nedløp, reparasjon ytterdør og kjellermur. Lønsutgifter til forvaltning, drift og vedlikehald.</p>	<p>Er ikkje fredda, og ikkje del i bevaringsomfanget for Odda smelteverk. Andre deler av Odda smelteverk må prioriterast.</p> <p>Tiltaket vert ikkje prioritert i 2023.</p>	
17	Tyin veg og damvaktarbustad	Årdal utvikling	2 300 000	2 300 000	0	0	<p>1) Istandsetting 1000meteren/Tunnelveg en Årdal-Tyin</p> <p>2) Istandsetting damvaktarbustaden ved 1000meteren/Tunnelveg en Årdal-Tyin</p>	<p>Omsøkte tiltak gjeld 1)Istandsetjing av dei delane av tunnelvegen Årdal-Tyin (1000meteren) som ikkje har fått vedlikehald pr i dag, hovudsakleg eit parti på 1 km som var ein del av gamlevegen over fjellet.</p> <p>2) Totalrenovering av den gamle damvaktarbustaden på 1000-meteren.</p> <p>Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar må prioriterast innafør den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling.</p> <p>Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.</p>	
18	Tyin provisoriske kraftstasjon – Årdal	Årdal utvikling	500 000	500 000	0	0	<p>Moglegheitsstudie: Korleis nytte Tyin gamle kraftstasjonen på best mogleg måte for å formidle historia i bygget og industrien rundt, samtidig som bygget blir godt bevart.</p>	<p>Kraftstasjonen er ein av berre 5 bevarte kraftstasjonar i landet som leverte straum i byggefasen til store anlegg, og er mellom det første som vart bygd i industrisamfunna i Årdal. Den er godt bevart og har høg arkitektonisk verdi. Vestland fylkeskommune har spelt den inn til listeføring i pågåande rulleringsprosjekt for listeførte kulturminne i NVE sitt ansvarsfelt. I fjor blei det sett av kr 400.000 frå post 72 til istandsetting av kraftstasjonen.</p> <p>Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar må prioriterast innafør den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling. Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.</p>	

19	Ruud gard	Knut og Solveig Skjerve						<p>1) sagbygning</p> <p>2) kvernhus</p> <p>3) vedlikehald og drift</p>	<p>Ruud gard er ein fin høgdegard typisk for Indre Sognefjorden, med utnytting av lokale vass- og skogressursar i tillegg til gardsdrifta. Den er ein fin representant for regionen, og det pågår godt arbeid med istandsetting.</p> <p>Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar må prioriterast innaford den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling. Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.</p>
20	Nes gardssag	Kåre Nes	2 060 334	560 322	200 000	0		<p>Fase III – istandsetting røyrgate og demning</p>	<p>Nes gardssag er vurdert å ha høg kulturminneverdi, står på heradet si "gule liste", er sjeldan, og har fått tildelingar frå denne ordninga i ei årrekke. Fase I - istandsetting av bygningen - samt fase II - restaurering turbin - er utført.</p> <p>Det omsøkte tiltaket er ei oppfølging av desse.</p> <p>Istandsetting av røyrgata vil gjere det mogleg igjen å ha drift i saga. Restaurering av røyrgata er også flaumførebyggjande og har fått medfinansiering frå NVE (65 % inntil kr 887 946 ekskl. mva), om prosjektet er fullført innan 30.11.2024. Difor vert tiltaket prioritert også i år, sjølv om det ikkje er rom for å innfri heile søknadsbeløpet.</p>
21	Gestapohuset	Foreningen Historia	2 375 192	757 372	0	0		<p>1) Søknad om lønsmidlar</p> <p>2) midlar til forvaltning, drift og vedlikehald</p>	<p>Gestapohuset er eit viktig kulturminne, men fell utanfor formålet med tilskotsordninga, og kan ikkje prioriterast. Det er vurdert overflytting av søknaden til tilskotsordninga for freda hus i privat eige (post 71), men lønskostnader som ikkje er knytt til istandsettingsprosjekt er ikkje støtteverdige frå den ordninga heller.</p> <p>Søknaden involverer også det freda kulturminnet Espeland fangeleir. For denne gjer vi same vurdering som for Gestapohuset, jf. ovafor.</p> <p>Søknaden vert avslått.</p>

22	Mesterhuset i Sandviken	Sandviksveien 60 og 62 AS	1 165 312	320 000	0	0	Midler til å vidareføre restaureringsprosjekt i Mesterhuset.	<p>Mesterhuset er del i eit viktig freda teknisk-industrielt kulturmiljø knytt til maritim industriverkdsemd i Sandviken. Berre nokre få reperbaner er intakte i landet, og her er fleire tilknytte næringar i anlegget.</p> <p>Mesterhuset har tidlegare fått stønad frå post 71, og har større sjanse til å få utteljing som monnar frå den ordninga, som søknaden også er kvalifisert for.</p> <p>Søknaden vert overført til post 71, og vert handsama der. Det vert ikkje løyva midlar frå post 72 for 2023.</p>
----	--------------------------------	------------------------------	-----------	---------	---	---	--	--